

Saksbehandlar: Jon Tvilde
Sak nr.: 20/4056-2

Årsmøte Leikanger frivilligsentral

Kommunalsjefen rår komité for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding til formannskapet:

1. Formannskapet godkjenner årsmelding 2019 og tek handlingsplan 2019- 2020 for Leikanger Frivilligsentral til orientering.
2. Val av leiar kjem opp i eige sak som omhandlar organisering av- og nye vedtekter for frivilligsentralane.

Vedlegg:

Årsmelding 2019 Leikanger Frivilligsentral
Handlingsplan 2019-2020
Vedtekter
Endringsforslag vedtekter

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Vedteke «Reglement for politisk organisering Sogndal kommune» seier ikkje noko om styring av kommunen sine to frivilligsentralar. Av den grunn vert denne saka, årsmøte for Leikanger frivilligsentral, fremja med grunnlag i gjeldande vedtekter for Leikanger frivilligsentral, rett nok etter ei føreslått justering av dei same vedtektene. Val av leiar vert fremja i eige sak, som omhandlar organisering av- og nye vedtekter for frivilligsentralane.

For Leikanger sin del har det vore vanleg at alle lag og organisasjonar i Leikanger kommune utgjer årsmøtet. Det føreligg eit endringsframlegg om vedtektene frå styret slik:

«Styret for Leikanger Frivilligsentral vedtok i styremøte å endre årsmøteform, jamfør «§4. Årsmøtet», og ynskjer å endre til følgjande ordlyd:

«§4 Årsmøtet

Formannskapet utgjer årsmøtet og er sentralen sitt øvste organ. Møtet skal haldast i første formannskapsmøte i mars kvart år, og kunngjerast minst 7 dagar før med sakliste.

Styret har tale- og framleggsrett.

Saker som skal handsamast er:

- a. Godkjenning av rekneskap
- b. Årsmelding
- c. Årsplan
- d. Budsjett
- e. Val av leiar for 1 år av gongen
- f. Andre saker (TD vedtektsendring)

Ekstraordinært årsmøte skal haldast om formannskapet eller styret krev dette.»

Som følge av kommunesamanslåinga vil «Leikanger kommune» bli endra til «Sogndal kommune» i vedtektene.

På bakgrunn av dette vedtaket vert saka fremja for formannskapet.

Saker som skal handsamast i følgje vedtektene er:

- a) Godkjenning av rekneskap.
Denne saka inngår i handsaminga av rekneskapen for gamle Leikanger kommune
- b) Årsmelding
- c) Årsplan
- d) Budsjett
Budsjettet vart vedteke når budsjett for nye Sogndal kommune vart vedteke av kommunestyret.
- e) Val av leiar for 1 år av gongen
- f) Andre saker (t.d. vedtektsendring).

På den bakgrunn vert formannskapet 14. mai invitert til å handsame:

- a) Årsmelding
Årsmeldinga følgjer som vedlegg
- b) Årsplan
Handlingsplan følgjer som vedlegg

Årsmelding

Det vert synt til årsmelding vedlagt. Dette er styret si årsmelding.

I det følgjande kjem eit samandrag av årsmeldinga. Ei årsak til dette er å syne breidda i aktiviteten, og at denne er lokalt forankra.

- **2019** vart aktiviteten noko prega av utskifting av personale, flytteprosessar og oppbygging av SystrondsBUI, samt møteplassen.
- **Styret:** har vore slik samansett, etter at lag og organisasjonar valde 3 medlemmer, eitt medlem er politisk vald og eitt medlem er peika ut av rådmannen.

Namn	Rolle	Vald for perioden	Lag- og organisasjon
Dagrun Kløvik Nord	Fung. Styreleiar	2018-2020	Leikanger pensjonistlag
Arnt Ola Fidjestøl	Styremedlem	2019-	Sogn og Fj. Fylkeskommune
Bjarne Sjøtun	Styremedlem	2017-2019	Leikanger jakt- og fiskelag
Henny Kristin Navarsete	Styremedlem	2017-2019	Politisk vald representant
Hanne Hoff	Styremedlem	2018-2020	Leikanger kommune
Petter Stenstadvold	Varamedlem	2017-2019	Systrond Speidargruppe
Sigrun Espe	Varamedlem	2017-2019	Handarbeidslaget Sans og Samling
Ingeborg Sivertstøl	Varamedlem	2017-2019	Politisk vald representant
Jorunn Nytingnes	Varamedlem	2018-2020	Leikanger kommune

- Det er tilsett **dagleg leiar** for frivillig sentralen i 50 % stilling. Frivillig koordinator har 50 % stilling. Leikanger kommune har hatt arbeidsgjevaransvaret. Begge tilsette tok til i august 2019, etter at leiar før det, slutta 1. mars. I mellomperioden fram til ny leiar var på plass, vart sentralen leia av kulturansvarleg i Leikanger kommune.
- Sentralen har delteke aktivt i ulike nettverk.
- 2019 var prega av mykje flytting; Frivilligsentralen flytta kontorstad frå Tinghuset til Saftene, møteplassen flytta frå 3.etasje til 2. etasje same stad, og utstyrssentralen flytta frå biblioteket til SystrondsBUI, 2. etasje i Saftene. Kontor for Frivilligsentralen er mellombels etablert i SystrondsBUI, i pårente av at lokala i 3. etasje skal bli klare.
- Leikanger Frivilligsentral er teken godt imot. Det gjeld andre i Saftene, lag, organisasjonar og bygdefolket på Leikanger. I 2020 vil det bli vidare fokus på start av aktivitetar og ei meir aktiv marknadsføring, sjå elles gjeldande handlingsplan 2019-2020.
- 2019 har vore prega av at sentralen har bygd ut nettverket, m.a. gjennom dialog med fleire lags- og organisasjonsrepresentantar. Samstundes har sentralen hausta erfaring gjennom besøk til sentralane i Florø, Lærdal og Sogndal.

- **Opplev Leikanger** – sentralen har hatt samarbeid med Opplev Leikanger med bidrag inn til Fruktbare Dagar, sommarmoro og haustmoro. Haustmoro er aktivitetar for born og unge, samt filmkveld til ungdommar. Ungdomsbasen var delaktig arrangørar på kvelden.
- **Småspretten:** sentralen har gitt tilskot, handling og levering av utstyr til denne private gruppa. Småspretten er tilbod for små born og driv aktivitet tilsvarande barneidretten.
- **Open Hall**, er gjennomført om lag ein gong i månaden, som eit «mini-leikeland» for mindre ungar, der foreldra har ansvar for tilsyn av sine egne born. Det er gratis og eit tiltak mot barnefattigdom og for utjamning av sosial ulikskap. Dette er ein møteplass for både born og vaksne. Senteralen har ytt tilskot til , føreteke innkjøp av- , og lagra utstyr samt organisering. Frivilligsentralen har no fått lag og organisasjonar til å ta desse søndagane på dugnad.
- **Opning av dagsturhytta** på Kleppa, planleggingsmøter i forkant, Diverse oppfølging i etterkant; utskifting av bøker – stempel, henting og utlevering av bøker m.m.
- **Juleavslutning flyktingetenesta**, i regi av flyktingetenesta der Frivilligsentralen bidrog med bevertning til tilstellinga.
- **SystmondsBUI**, fekk kr 100.000 i tilskot frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet til nytt utstyr. Dette gav grunnlag for gjennomgang av gamal utstyrssentral, kartlegging av ulike utlånsordningar anbudsrundar og innkjøp av nytt utstyr. Det er utvikla online booking-system.
- **Møteplassen** har teke form, og er i dag eit greitt lokale, eigna for aktivitetar og ein stad å møtast. Det er lagt planar for nye aktivitetar som til dømes strikkekafé, bridge-kurs nybyrjarkurs for born og unge, fotoframsying / historieforteljingar, hobbykveldar, gå-grupper, ein-til-ein-dataundervisning etc. Lokalet er ulåst, og det annonsert at alle kan nytte lokalet.
- **Sogn Frisklivssentral** – det er planlagt felles aktivitet og møteplass mellom dei to aktørane med tilbod mot særskilde grupper som treng å koma i aktivitet.

Aktivitetsplan

- Styret sin aktivitetsplan for 2020 følgjer som vedlegg. Innhaldet er i hovudsak den same som er gjennomgått i årsmeldinga. Formannskapet vert tilrådd å ta denne til orientering.

3. Vurderingar og konsekvensar

Det er eit imponerende og variert frivillig arbeid som vert lagt ned. Eit arbeid som er utvikla i nært samarbeid med ulike lag og einskildpersonar. Eit aktivt styre er og avgjerande.

Desse momenta syner det er viktig at kvar frivilligsentral har sitt eige og breitt samansette styre som i dag, eller råd, slik det vert fremja i den nye ordninga.